

R-sak 02-23 Årsrapport for VØR inkludert rekneskap og årsmelding

Tilråding til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner årsrapport for VØR for 2022 slik den ligg føre.

Vedtak i styresak 10-23:

1. Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:
Representantskapet godkjenner årsrapport for VØR for 2022 slik den ligg føre.

Saksutgreiing:

Framlegg til årsrapport for VØR for 2022 vert her lagt fram for godkjenning.

Det er i år valt ei noko anna handsaming og utforming på årsmelding og rekneskap. Det har tidlegare år vore utarbeidd fleire separate saker og rapportar. Etter drøfting med styret, er det valt å lage ei sak i form av ein årsrapport, der også rekneskap og årsmelding inngår.

Saksgangen er slik at styret gjer vedtak om tilråding til å godkjenne årsrapporten. Saka går så vidare til representantskapet som skal godkjenne den, før dokumentet vert sendt over til eigarkommunane, inkludert kontrollutvala.

Rekneskapen har i år hatt ei litt anna slutføring enn tidlegare år. Vår faste medarbeidar innan økonomi gjekk ut i eit planlagt sjukefråvere 13.mars, men ho rakk å ferdigstille store deler av talgrunnlaget. VØR har i samband med dette fråveret leigd inn Sparebank1 Rekneskapshuset. Til sjølve årsoppgjeret har det siste åra vore innleigd hjelp, og for 2022-rekneskapen valde ein å gjere avtale med Sigma Revisjon AS. Begge desse har bistått med svært gode tenester, men det er altså tre «urøynde» partar, inkludert underteikna, som har stått for slutføringa av rekneskapen og utarbeidinga av årsoppgjeret. Revisjonsarbeidet er det Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som står for, og vår faste revisor gjennom mange år, Halldis Moltu, har rettleia og sett til at rekneskapen er rett og komplett. Ho har også gjennomgått årsmeldinga, jf revisjonsmeldinga.

Årsmeldinga er også endra i høve til tidlegare år. Det er lagt vekt på ei meir lett-tilgjengeleg formidling av stoffet gjennom ein artikkelbasert del først i årsrapporten, som så vert etterfulgt av sjølve årsmeldinga og rekneskapen. I tillegg til ein gjennomgang og ei oppsummering av 2022, er det også lagt vekt på å sjå kva 2022 inneber av konsekvensar for åra som kjem, inkludert trendar, behov og prioriteringar.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Årsrapport 2022 for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS